



Noregs miljø- og biovitenskapsuniversitet
Fakultet for miljøvitenskap og teknologi (Miljøtek)
Institutt for Naturforvaltning (INA)

Masteroppgåve Våren 2015
30 stp

Oppfylling av nesten nullenergibyggråv med fornybare teknologiar

Studie av eitt kontorbygg

Kay Morten Hustvedt

FORORD

Denne masteroppgåva er skrevet ved Norges miljø- og biovitskaplege universitet i våren 2015. Eg vil takka vegleiaren min Monica Havskjold for god hjelp igjennom arbeidet med oppgåva.

Vil også takka medstudentane mine for god hjelp og avkopling frå arbeidet, og vil takka Camilla for god støtte igjennom studietida på Ås.

Oppgåva har vert ein bra læreperiode for meg, der eg har skaffa meg ny kunnskap og nye erfaringar.

SAMANDRAG

Noreg har satt eit mål om å redusera klimagassutslepp med 30 prosent i forhold til 1990-nivå innan 2020, og å bli karbonnøytrale innan 2050. IEA har foreslått fem områder som det bør fokuserast på for å redusera klimagassutsleppa, og energieffektivisering i bygg er eit av dei områda. På lang sikt er det å redusera energibruken truleg den mest økonomiske metoden å møta eit aukande energibehov på. Det er ein del statlige meldingar som dikterer at etter 2015 skal alle nye bygg vera klassifisert etter passivhus-nivå, og alle nye bygg etter 2020 må vera klassifisert etter eit «NnEB»-nivå. Det blir testa i oppgåva om det er mogleg å dekka energibehovet til eit passivhus med forskjellige fornybare teknologiar og dermed oppnå eit «NnEB»-nivå.

For å løysa oppgåva er det nytta to metodar. Det blir gjort simuleringar i SIMIEN for å bestemme energibehovet for eit passivhus. Deretter blir det utført lønnsemmdsanalysar i EXCEL ved hjelp av LCOE- og noverdimetoden. Eit litteraturstudium blir utført for å finna kostnadar og produksjonar av forskjellige teknologiar. Dei teknologiane som blir valt er vindkraft, solcellesystem, solfangarar, og bergvarmepumpa og energibrønn.

Resultata viser at det er generelt ein relativt høg LCOE-verdi og negative netto noverdiar for løysingane som er valt i oppgåva, bortsett frå for bergvarmepumper og energibrønn. Dei har ein LCOE verdi på rundt 0,35 kr/kWh og ein netto noverdi på 55 000 kr. Det som skal til for å få ei betre lønnsemmd for dei andre teknologiane er ein høgare straumpris og lågare investeringskostnad.

Konklusjonen er at det er mogleg, men ikkje på ein lønnsam måte, for eit passivhus å oppnå eit «NnEB»-nivå.

ABSTRACT

Norway has set a goal of reducing their climate gas emissions by 30 percent of the levels in 1990 by the year 2020, and to be carbon neutral within 2050. IEA has proposed five areas to focus on for reducing climate gas emissions and improving the energy efficiency of buildings is one of those areas. Reducing the energy usage is, in the long run, possibly the most economic method of meeting an increased need for energy. There are several government messages dictating that all new buildings after 2015 shall be classified after a passive house level, and all new buildings built after 2020 shall be classified after a near zero emission building level. In this assignment I will test if it is possible to cover the energy needs of a passive house with different renewable technologies, and therefore attaining a near zero emissions building level.

There is mainly two methods used to solve the assignment. First there will be simulations done in SIMIEN to determine the energy needs of a office building at a passive house level. Afterwards there will be economic analyses in EXCEL by using the LCOE- and net present value method. A literary study has been done to determine costs and production of the different renewable technologies. The chosen technologies are wind energy, solar power, solar heat, and ground source heat pump.

The results generally show relatively high LCOE values and negative net present values for the technologies chosen for the assignment, except for the ground source heat pump. The pump has a LCOE value of around 0.35 kr/kWh and a net present value of around 55 000 kr. What is needed for the other technologies to improve their profitability is a higher cost of electricity and a lower cost of investments.

The conclusion is that it is possible to reach a near zero emission building level, but not in a profitable method.

FORKORTELSAR OG DEFINISJONAR

IEA	-	International Energy Agency.
LCOE	-	Levelized Cost of Energy.
BRA	-	Bruksareal av bygning, bustad, eller brukseining, er det arealet som liggjer innanfor ytre veggar inklusiv innvendige veggar, søyler, røyr, sjakter og liknande. Fri takhøgd skal være minimum 1,9 m. Rom med skråtak reknast som måleverdig 0,6 m utanfor høgda 1,9 m (Statistisk sentralbyrå 2015).
Kuldebruverdi	-	Lineær varmegjennomgangskoeffisient for felt med lågare isolasjonsevne enn kringliggjande konstruksjon/bygningsdel (Standard Norge 2007).
U-verdi	-	Også kjent som varmegjennomgangskoeffisient. Er eitt mål som brukas i bygningsindustrien for å angi ein bygningsdels varmeisoleringe evne (Enova 2015a).
Lekkasjetall	-	Airflow volum per innvendig volum og per tidseinheit som lekkes gjennom klimaskjermen ved referansetrykkdifferansen, 50 Pa, over klimaskjermen (Standard Norge 2007).
Normalisert kuldebruverdi	-	Samla stasjonær varmestraum frå kuldebruer dividert med oppvarma del av BRA (Standard Norge 2007).
Varmetapstal	-	Eit mål for bygningars varmetap til omgjevnaden. Varmetapstalet viser varmetapet i W/m^2 oppvarma golvareal ved ein temperaturforskjell på ein grad mellom inne og ute (GK 2015).
TEK 10	-	Forskrift om tekniske minimumskrav eit bygg må ha for å kunna oppførast lovlig i Noreg (Direktoratet for byggkvalitet 2011).
NS 3700	-	Inneheld kriterier for passivhus og lågenergibygningar. Setter

minstekrav til energibehov til oppvarming, berekningskriterier,

bygningsdelar, og installasjonar (Standard Norge 2013).

NS 3701 - Same som NS 3700, bare for yrkesbygningar

(Standard Norge 2012).

COP - Coefficient of performance. Forholdet mellom avgitt kulde-

/varmeeffekt og tilført elektrisk effekt (Fornybar.no 2015).

INNHOLD

1.	Introduksjon.....	1
1.1.	Bakgrunn for oppgåva.....	1
1.2.	Problemstilling	2
1.3.	Eksisterande litteratur.....	2
2.	Metode og materiale	5
2.1.	Innleiing.....	5
2.2.	Energibehov simulering.....	6
2.3.	LCOE	7
2.4.	Netto noverdi	9
2.5.	Internrente	10
2.6.	Inntektsgrunnlag	10
3.	Teknologiar	11
3.1.	Innleiing.....	11
3.2.	Vindkraft.....	11
3.2.1.	Kort om teknologien	11
3.2.2.	Kostnadar	14
3.2.3.	Produksjon	15
3.3.	Solcelleanlegg.....	17
3.3.1.	Kort om teknologien	17
3.3.2.	Kostnadar	18
3.3.3.	Produksjon	18
3.4.	Solfangarar	20
3.4.1.	Kort om teknologien	20
3.4.2.	Kostnadar	21
3.4.3.	Produksjon	22
3.5.	Solfangarar, bergvarmepumper og energibrønn	23
3.5.1.	Kort om teknologien	23
3.5.2.	Kostnadar	24
3.5.3.	Produksjon	25
4.	Resultat	27
4.1.	Energibehovssimuleringar.....	27
4.1.1.	Oversikt.....	27
4.1.2.	Årleg energibudsjett	27

4.1.3.	Månadleg energibehov	28
4.1.4.	Lastdiagram.....	29
4.1.5.	Månadleg effektbehov.....	30
4.2.	Lønnsemdsanalysar	31
4.2.1.	Oversikt.....	31
4.2.2.	Vindkraft	32
4.2.3.	Solceller.....	34
4.2.4.	Solfangrar.....	35
4.2.5.	Solfangrar, bergvarmepumper og energibrønn.....	37
5.	Diskusjon	39
5.1.	Innleiing.....	39
5.2.	Vindkraft.....	39
5.3.	Solceller.....	39
5.4.	Solfangrar	40
5.5.	Solfangrar, bergvarmepumper og energibrønn	40
5.6.	Straumpris	40
5.7.	Sal av straum	40
5.8.	Stønadsordningar	41
5.9.	Samkøyring av teknologiar	41
5.10.	Konklusjon.....	41
5.11.	Feilkjelder	42
5.12.	Vidare arbeid.....	42
6.	Kjelder	43
Vedlegg	A	
Inndata for modellbygget	A	
Skjermbilda frå SIMIEN	D	
Teikningar brukta for å få oversikt over innsida av bygget	G	
Formlar SIMIEN bruker i simuleringar	H	
Formlar brukta for vindkraft.....	I	
Formlar brukta i NS 3701 for å bestemma dei fem krava for passivhusstandarden	K	
Kostnadane for dei forskjellige teknologiane	L	
Vindkraft	L	
Solceller.....	M	
Solfangrar	N	
Solfangrar, bergvamepumper og energibrønn	O	
Produksjonar for dei forskjellige teknologiane.....	P	

Vindkraft	P
Solceller.....	Z
Solfangarar	Ø
Solfangarar, bergvarmepumper, og energibrønn.....	Å
LCOE-, Netto noverdi-, og internrenteutrekningar.....	BB
Vindkraft	BB
Solceller.....	CC
Solfangarar	DD
Solfangarar, bergvarmepumper, og energibrønn.....	EE

1. INTRODUKSJON

1.1. BAKGRUNN FOR OPPGÅVA

Noreg har satt eit ambisiøst klimamål ved å skulle redusera klimagassutslepp med 30 prosent i forhold til 1990-nivå innan 2020, og å bli karbonnøytrale innan 2050. Eit problem med å nå målet er at Norges energiforsyning og energibruk i bygningar er bortimot allereie karbonfri. IEA har foreslått fem områder som det bør fokuseras på for å redusera klimagassutslepp, og energieffektivisering i bygg er eitt av dei områda (International Energy Agency 2013). På lang sikt er «negawatts», som ein oppnår ved å redusera energibruken, truleg den mest økonomiske metoden å møta eit aukande energibehov på. Omkring 40 prosent av all energikonsumet i Noreg, og resten av Europa, kjem frå energibehovet til bygningar. IEA håper også at Noreg, med all si vasskraft, kan bli brukt for å hjelpe å balansera eit reint europeisk kraftmarked som blir dominert av vindkraft og solkraft (International Energy Agency 2011).

EU har bestemt i deira reviderte bygningsdirektiv at alle nye bygg etter 31st Desember 2020 må vera klassifisert etter nesten nullenergibygg (NnEB) krav, men til dags dato har ikkje Noreg implementert direktivet i norsk lov. Det er derimot mange statlige meldingar som omhandlar klima og bygg, og dei dikterer at etter 2015 skal alle nye bygg vera klassifisert etter eit passivhus-nivå og alle nye bygg etter 2020 må vera klassifisert etter eit «NnEB»-nivå (Rambøll 2013). Passivhus er eit moderne miljøvennlig bygg med godt inneklima og låg energibruk (Pettersen 2012). Eit nullenergibygg genererer nok fornybar energi på bygg eller eigedommen til å utlikna byggets energibruk (Rambøll 2013).

Målet med oppgåva er å utforska moglegheitene for å kunna lønnsamt dekka energibehovet til eit passivhus med forskjellige fornybare energiproduksjoner teknologiar innanfor dei forskjellige systemgrensene nemnt i kapittel 2.1 (Figur 2.2). Dei forskjellige teknologiane er; solcellesystem, solfangarar, varmepumpa og energibrønn, og vindkraft.

1.2. PROBLEMSTILLING

Kan eit kontorbygg som oppfyller krava for passivhus bli klassifisert som eitt nesten nullenergibygg ved hjelp av fornybare energiproduserande- eller energireduserande teknologiar på bygningas eigedom og/eller fotavtrykk?

1.3. EKSISTERANDE LITTERATUR

I rapporten til Rambøll om nesten nullenergibygg viser dei at det er eit godt potensiala i å implementera teknologiar i nye bygg for å redusera og i nokre tilfelle også produsera energi. Der beskriver dei eitt passivhus bygga av Norgeshus, som har klart å bygga eitt hus som reduserer energibehovet med 35 prosent i forhold til rammekravet i TEK10. Det vil sei at det ligg rett under kravet for passivhus ifølge NS 3700 krava. Rambøll meiner det er vanskelig å redusera energibehovet ytterligare på ein kostnadseffektiv måte utan å drastisk endra byggets form. Rambøll har jobba med modellar av tre kontorbygg med ulike energibehov. Der har dei testa kor mykje energibehovet kan reduserast ved hjelp av å implementera varmepumper og solcellepaneler (Rambøll 2013).

I ei masteroppgåve av Ida Bergsløkken i 2012 ved universitetet for miljø- og biovitenskap så viser hu moglegheita for å forbetra energibruka til gamle bygg, noko som igjen kan gi moglegheiter for å bruka dei same tiltaka som blir brukt for nye bygg. I oppgåva ser hu på energieffektiviseringspotensialet av å rehabilitera eit verneverdig murgårdshus frå 1890-talet mot ein lågnergistandard. Hu simulerer tre ulike alternativa for energieffektivisering. Første alternativ er «enkel», som består av å omstrukturera innerveggane. Andre alternativ er «moderat», som består av ombygging av kryploft til buformål. Det tredje alternativet er «ambisiøs», som består av alternativ 2 pluss utbygging av nytt flat tak med takterrasse. Der finner hu at det mest økonomiska alternativet er «moderat». Energibehovet når ikkje lågnergistandarden, men det reduseras frå 246,7 kWh/m² ned til 128,8 kWh/m² (Bergsløkken 2012).

I ein rapport frå NVE i 2008 ser dei på om solenergi for varmeformål snart er lønnsamt. Ein del av informasjonen blir brukt vidare i oppgåva. Dei kommenterer på at solinnstrålinga i Noreg gir 1700 gonger meir energi enn det me bruker, og viss me bare kan utnytta 1 promille av den energien så vil me ha meir enn nok til å dekka all energibehovet i Noreg. Den varierande årsvariasjonane i landet gjer også at me ikkje kan basera energiforsyninga

bare på solvarme utan ein måte å lagra energien frå sommaren til vinter. Dei fant at utan økonomisk støtte så er ikkje solfangarar lønnsamme (Norges vassdrags- og energidirektorat 2008).

I ein rapport frå ENOVA i 2013 så har dei utført ein kostnadsstudie for solkraft i Noreg grunna at dei trenger eit grunnlag for val av støtte til solkraftprosjekter. Ein del av informasjonen blir brukt vidare i oppgåva. Der har dei sett på kostnadene for tre ulike anleggstypar. Systemprisane for dei ulike anleggstypane er 12 kNOK/kWp (bakkemontert kraftverk), 18 kNOK/kWp (næringsbygg), og 26 kNOK/kWp (einebustad). Dei køyrte også produksjonssimuleringar for forskjelle ge stadar i Noreg for å finna energikostnaden LCOE. Dei gjennomsnittlige energikostnadene var rekna til 2,6 NOK/kWh for einebustad, 2,2 NOK/kWh for næringsbygg, og 1,51 NOK/kWh for bakkemontert kraftverk (Enova 2013).

I ei masteroppgåva av Jon Olav Volden i 2013 ved universitetet for miljø- og biovitenskap utfører han eit mogelighetsstudie for bruk av småskala vindkraft for å produsera energi til eige forbruk på ein gard i Rygge kommune. Den viser moglegheitene for at eitt privat bygg kan bruka vindkraft for å dekka eige energibehov. Noko av informasjonen blir brukt vidare i oppgåva. Det blei kjørt 4 forskjellige scenario med to forskjellige typar turbinar. Scenario 1 var med ein turbin på 45 kW, scenario 2 var to turbinar på 45 kW, scenario 3 var ein turbin på 250 kW, og scenario 4 var også ein turbin på 250 kW men med ein framtidig antatt energibruk i tillegg. Sjølv om det var mulig å dekka energibehovet, og i tillegg 350 000 kWh over behovet, så var ingen av scenarioa lønnsamme (Volden 2013).

I ein rapport frå Vista Analyse i 2011 på oppdrag av BNL, NHO, Norsk Teknologi, Energi Norge, og Norsk Eiendom har dei sett på korleis økonomiske verkemiddel kan bidra til å utløysa energieffektivisering i eksisterande bygg. Noko som også kan vidareførast til nye bygg som i oppgåva. Dei har valt ut fira verkemiddel (søknadsbasert støtte, rettigheitsbasert støtte, skattefrådrag, og kvite sertifikata) og det blei konkludert med å styrke eksisterande verkemiddel og å utreda kvite sertifikata som beste løysning (Vista Analyse AS 2011).

I ei masteroppgåva av Marita Åsgård i 2011 ved universitetet for miljø- og biovitenskap utføres det ein simulering av energieffektivisering i TF-bygget ved Norges miljø- og biovitenskaplege universitet i Ås. Meininga med oppgåva er å forbetra bygget slik at det blir eit nullenergibygge ved hjelp av energieffektive løysningar. Arbeidet som blir utført er liknande


det som blir gjort i denne oppgåva, bare for eit eksisterande bygg. Det blir funnet tre alternativ for å dekka energibehovet til bygget; djup jordvarme, vindkraft og solceller. Bygget kunne ikkje nå nullenergibygg standard men kvalifiseras som lågenergibygg som dekker sitt eiga el. spesifikkbehov. For å oppnå det så må det etterisolerast og el-forbruket må reduserast med å bytta til energieffektivt utstyr. Av dei tre energiproduserande alternativa så blei det bestemt at solceller er det alternativet som passer best til eit lågt energibehov som bygget har (Åsgård 2011).

I ein ny rapport frå NVE i 2015 så ser dei på energikostnadane ved ulike produksjonteknologiar og energieffektiviseringstiltak på bygg. Rapporten kan brukast for å samanlikna resultata som kjem fram i denne oppgåva. Det er meiningsa at rapporten skal brukast til analysar og slutningar om framtidige tiltak, dermed har dei med utviklingstrendar i tillegg til dagens kostnadsbilde. For å kunna samanlikna dei forskjellige teknologiane og tiltaka så blir kostnadane vist ved å berekna energikostnadane over levetida, kjent som LCOE-metoden. Resultata er samanstilt for teknologiar for kraftproduksjon, teknologiar som produserer kraft og varme (CHP) og teknologiar som bare produserer varme. Det presenterast også energikostnadar for energieffektiviseringstiltak samanstilt med energikostnadar for lokal kraft- og varmeproduksjon for småhus og kontorbygningiar (Norges vassdrags- og energidirektorat 2015).

2. METODE OG MATERIALE


2.1. INNLEIING

Modellen (Figur 2.1) som blir brukt i simuleringane står beskriven i underlagsrapport prNS 3701:2011 frå Standard Norge. Bygget som blei vald er eit kontorbygg, og det har eit bruksareal på 1000 m², 80 m² vinduer mot sør og nord (symmetrisk), 20 m² mot aust og vest (symmetrisk), og hovudfasaden (25 m lang) er mot sør. Val av byggstørrelse er grunna plass for å utføra tiltaka og eitt større energibehov.



Figur 2.1 Teikning av modellbygget brukt i oppgåva. Kjelde: (Standard Norge 2011)

Det fyrste som blei gjort var å legge inn all dataa for modellbygget inn i SIMIEN (Kapittel 2.2) for å køyre energibehovssimuleringar for å få energibehovet til eit passivhus. Deretter har eg samla inn informasjon frå forskjellige kjelder om kostnadar og produksjonsdata for dei forskjellige teknologiane. Dei skal brukast vidare i noverdi- og LCOE-utrekningar. Det er for å finna om det er mogleg å delvis dekka, dekka, eller produsera meir enn energibehovet på ein lønnsam måte.



Figur 2.2 Grafisk framvising av systemgrensene

I Figur 2.2 over har eg laga ei grafisk framvising av oppgåva som viser dei forskjellige teknologiane og kvar dei ligger i systemgrensene. Det som bestemmer om eit hus når passivhusstandarden er basert på fem sentrale krav forklart nærmare i kapittel 2.2

2.2. ENERGIBEHOV SIMULERING

Energibehovet for bygget blei rekna ved hjelp av det windows baserte dataprogrammet SIMIEN, som er utvikla av ProgramByggerne (ProgramByggerne 2014). Programmet blir brukt for å endra på passive teknologiar som isolering, vindauge, og ventilasjon for å redusera energibehovet i bygningar. Vidare kan dei testast opp mot TEK 10 krav, og passivhus krav frå NS 3700 for bustadar og NS 3701 for næringsbygg. Ein kan køyra simuleringar i vinterforhold for å finna behov og nødvendig effekt for romoppvarming og varmebatterier. Simuleringar i sommarforhold brukast for å validera inneklima og dimensjonering av ventilasjonsanlegg og for å finna behovet for romkjøling. Når det køyras simulering av eit heilt kalenderår, så blir netto energibruk og levert energi til bygningen bestemt. SIMIEN viser også varighetskurvar for temperatur og effekt nødvendig for oppvarming/kjøling. Når bygningen blir evaluert så er det fem sentrale krav (varierer etter arealstørrelse, bygningstype, og klimasone), som blir bestemt ved hjelp av den dynamiske utrekningsmodellen frå NS 3031 (ProgramByggerne 2014).

Det er også eit krav om at 60 % av energibehovet skal bli dekka av noko anna enn direkte el. Det blir gjort eit val om at varmepumper vil dekka det kravet, og det er luft/vatn varmepumper med ein gjennomsnittleg COP på 4.0 (Bauer Energi AS 2012; LG Electronics 2015).

Figur 2.3 viser resultata etter å ha køyrt passivhusevaluering i SIMIEN. Det vil sei at bygget i oppgåva blir testa opp mot krava frå NS 3701. Grøn farge indikerer at kravet er oppfylt. Rød farge ville indikert at kravet ikkje er oppfylt.

Beskrivelse	Energiytelse	Verdi	Krav
Netto oppvarmingsbehov	15,6 kWh/m ²	20,1 kWh/m ²	
Netto kjølebehov	14,3 kWh/m ²	9,4 kWh/m ²	
Andel av varmebehovet som dekkes av annet enn direkte el. og fossile brensler	0,0 %	60,0 %	
Gjennomsnittlig effektbehov belysning	4,0 W/m ²	4,0 W/m ²	

Figur 2.3 Simuleringsresultat av oppvarmingsbehov, kjølebehov, og effektbehov til belysning

Som ein ser i Figur 2.3 Så er ikkje kravet for kjølebehov nådd. Det blei gjort tiltak for å redusera kjølebehovet. Dei var å bruka open ventilasjon på sommarkveldar det var kaldare ute enn inne, og ved å leggja inn at vindaugein blei opna på varme dagar under arbeidstida. I underlagsrapporten til Standard Norge så har dei valt å ikkje rekna med kjøling i simuleringane der dei testar energibehovet for bygget deira. I oppgåva er det blitt valt å ta med kjølebehovet, sjølv om det er for høgt. Det er grunna at kjølebehovet har ei stor verknad på resultatet. Kjølebehovet kjem på sommaren når varmebehovet er lågt, og vil gi eit betre grunnlag for solceller som produserer mest på sommaren. I tillegg så er ikkje kravet for andelen av varmebehov dekka av anna enn direkte straum og fossile brensler nådd. Det er fordi informasjonen om varme- og kjølebehovet for bygget utan varmepumper installert blir brukt i lønnsemgsutrekningane.

2.3. LCOE

LCOE er eit uttrykk for dei samla kostnadane fordelt på den samla produksjonen gjennom levetida av teknologien/tiltaket. Den viser den inntekta eller sparte energikostnadane i NOK/kWh som krevjast for å oppnå noverdi lik null for teknologien/tiltaket (Enova 2013).

Metoden fungerer bra fordi det er ein enkel utrekning som ikkje diskriminerer mellom forskjellige teknologiar og som ikkje blir påverka av usikre variablar som energipris. Det er ein metode som blir brukt som standard i energimarkedet.

$$LCOE = \frac{\sum_{t=0}^n \frac{I_t + M_t + F_t}{(1+r)^t}}{\sum_{t=0}^n \frac{E_t}{(1+r)^t}} \quad [\text{kr/kWh}]$$

I_t er dei samla investerings- og utviklingskostnadane.

M_t er dei samla drifts- og vedlikehaldskostnadane.

F_t er dei samla Energi- og brenselskostnadane.

E_t er den samla energien som er produsert.

N er den økonomiske levetida i år.

r er diskonteringsrenta som blir brukt.

Både kostnadene og energiproduksjon blir diskontert over levetida, sånn at dei fyrste åra veger tyngre i reknestykket enn dei seinare åra. For å ta følgje for mogleg risiko så blir det satt ei diskonteringsrenta på 5 %, som er anbefalt av NVE for å få ei tilnærma risikofri renta (Enova 2013).

I oppgåva blir det brukt ein forenkla metode som føresetjar på at alle åra er like, noko som det er i utrekningane som er blitt gjort.

$$a = \frac{r(1+r)^n}{(1+r)^n - 1} = \frac{r}{1 - 1/(1+r)^n}$$

a er annuitetsfaktoren

Annuitetsfaktoren blir brukt for å finna den årlege kapitalkostnaden.

$$K_{\text{å}} = a * I_t$$

$K_{\text{å}}$ er den årlege kapitalkostnaden

$$LCOE = \frac{K_{\text{å}} + M_t + F_t}{E_t}$$

2.4. NETTO NOVERDI

For å finna lønnsamheita til ein teknologi eller tiltak så brukas det netto noverdimetoden.

Den berekner lønnsamheita av ei investering basert på netto noverdien av framtidige diskonterte kontantstraumar. Viss netto noverdien er positiv så vil det tilsei at investeringa er lønnsam. (Enova 2013)

$$NV = -\frac{CF_0}{(1+i)^0} + \frac{CF_1}{(1+i)^1} + \frac{CF_2}{(1+i)^2} + \cdots + \frac{CF_n}{(1+i)^n} = -CF_0 + \sum_{t=1}^n \frac{CF_t}{(1+i)^t} \quad [\text{kr}]$$

CF_t Er kontantoverskotet eller innbetalingsoverskotet i år t.

CF_0 er investeringskostnad. n er levetida til investeringa.

i er diskonteringsrenta.

Diskonteringsrenta er satt til 5 %, som er det sama som for LCOE utrekningane.

Byggetida for teknologiane liggjer mellom 0,5 og 1 år. For å forenkla utrekningane er det satt ei standard byggetid på 1 år.

Levetida er henta frå data som er basert på erfaringar i markedet og gjeldande standardar (Norges vassdrags- og energidirektorat 2015).

I utrekningane for Solfangrarar, varmepumper og energibrønn er det satt ei levetid på 20 år, og dermed må inntekta frå solfangrarar komprimerast til 20 år.

Tabell 2.1 Byggetid og levetid for dei forskjellige teknologiane. Kjelde: (Norges vassdrags- og energidirektorat 2015).

Teknologi	Byggetid (år)	Levetid (år)
Vindkraft	1	20
Solcelleanlegg	1	25
Solfangrarar	1	25
Bergvarmepumpa	1	20
Varmepumpa 0,1 MW	1	15

2.5. INTERNRENTE

Definisjonen på internrenta er den renta som gjør netto noverdi lik null. Det vil sei forrentinga på eigenkapitalen som er bunde i investeringas løpetid for prosjektet (Finansleksikon 2015).

2.6. INNTEKTSGRUNNLAG

For å finna lønnsemda av dei forskjellige tiltaka så brukas alternativkostnadene. Det vil sei dei kostnadane som kjem visst ein ikkje gjennomfører tiltaka.

For el. spesifikt behov og kjølebehov så er den månadlege straumprisen alternativkostnaden, den er rekna ut frå nettleie prisar i 2015 frå Hafslund (Hafslund nett øst AS 2015), spotprisen i 2014 frå Nord Pool Spot (Nord Pool Spot 2015), forbruksavgift, og avgift til energifondet.

For varmebehovet så er det driftskostnaden for varmepumpene i eit år delt på det totala varme- og kjølebehovet.

Reststraum blir seld til nettet igjen som plusskunde. Då er det vanlegvis spotprisen frå Nord Pool Spot som blir brukt (Hafslund Nett 2015). I oppgåva blir den månadlege spotprisen frå Nord Pool Spot i 2014 brukt (Nord Pool Spot 2015).

Dersom løysingane kan levera straum til nettet før 2020, så vil dei vera kvalifiserte for å få el-sertifikata som kan bli seld. Då vil dei få eitt sertifikat for kvar MWh produsert for sal. Det er eitt eingangsgebyr for å bli med i ordninga på 15 000 kr (Norges vassdrags- og energidirektorat 2012), og gjennomsnittsprisen på elsertifikat for det siste året per MWh ligger på 164,63 kr (Statnett 2015).

3. TEKNOLOGIAR


3.1. INNLEIING

I oppgåva er det blitt gjort utrekningar om fem forskjellige teknologiar. Det er vindkraft, solcellepaneler, solfangarar, energibrønn, og varmepumper. Dei siste to teknologiane er avhengige av kvarandre. Teknologiane brukta i oppgåva er valt grunna tilgang på informasjon og forfattarens kunnskap om tilgjengelige teknologiar.

3.2. VINDKRAFT

3.2.1. Kort om teknologien

Vindens bevegelsesenergi blir utnytta av vindturbinar ved at dei gjer om energien til elektrisk energi. I ein moderne vindturbin består hovudkomponentane av ein rotor med tre blader som driver ein generator. Blada er festa til eit nav som ilag blir rotoren. Vidare så er rotoren festa til nacellen via ein hovudaksling som er kobla til generatoren.



Figur 3.1 Oppbygning av ein vindturbin. Kjelde: (Eidsiva 2008).

Nacellen er plassert på toppen av tårnet som er festa til eit solid fundament i bakken. For å utnytta vindressursane optimalt så blir nacellen og rotorblada kontinuerlig regulert via eit kontrollsystem (NORWEA 2013).



Figur 3.2 Storskala vindturbin. Kjelde: (Eidsiva 2008).

WindEN 45 kW vindturbin har moglege tårnhøgdar som ligger mellom 18-36 meter, og ein rotordiameter på 14,6 meter. I det eine scenarioet blir vinddata frå Rygge brukt for å sjå om ein høgare middelvind (Medan turbinen framleis er i nærleiken av Oslo) vil gjera tiltaket meir lønnsamt.



Figur 3.3 WindEN 45 kW vindturbin. Kjelde: (Energy Works 2015).

Kingspan Wind 15KW vindturbin har to moglege tårnhøgdar på 15 og 20 meter, og ein rotordiameter på 9,8 meter.



Figur 3.4 Kingspan Wind 15 KW. Kjelde: (Kingspan Wind 2015b).

Kingspan Wind 6KW vindturbin har moglege tårnhøgdar som ligg mellom 9 og 20 meter, og ein rotordiameter på 5,6 meter.



Figur 3.5 Kingspan Wind 6 kW. Kjelde: (Kingspan Wind 2015a).

Som ein ser i Figur 3.3, Figur 3.4, og Figur 3.5 så er dei valde vindturbinane mykje mindre enn ein storskala vindturbin (Figur 3.2). Det er det som gjer det mogleg å bruka dei i oppgåva.

Når det kommer til Oslo så er det dessverre ein vindsone med låge middelvindar (Kjeller vindteknikk 2009). Derimot vil det sei at ved andre stadar i Noreg med høgare middelvindar så vil det gi ei større lønnsemd. Rygge er ein vindsone med høgare middelvind, men ikkje med mykje (Kjeller vindteknikk 2009), og det gir eit stort auke i produksjonen. Det tyder på at det er gode moglegheiter for å få ein mykje betre produksjon, og dermed betre lønnsemd.

Grunnen til dei forskjellige vindturbineffektane er for å sjå kva dei forskjellane kostnadane og produksjonane har å sei på lønnsemda.

3.2.2. Kostnadar


I dei neste tabellane kjem kostnadane som er brukt i lønnsemgsutrekningane for vindkraft. Kostnadane er henta frå forskjellige kjelder. Investeringskostnaden for 45 kW vindturbin er henta frå masteroppgåva av Jon Olav Volden ved universitetet for miljø- og biovitenskap (Volden 2013). Investeringskostnaden for 6 kW vindturbin er henta frå masteroppgåva av Håvard Ruud Olsen ved universitetet for miljø- og biovitenskap (Olsen 2013). Investeringskostnaden for 15 kW vindturbin er utrekna frå kostnadane av dei to andre turbinane ved å finna gjennomsnittleg kostnad per kW som blei 50 000 kr. Driftskostnadane er henta frå NORWEAs «Vindkraftens ABC», som seier at driftskostnaden ligg mellom 0,12 og 0,18 kr/kWh (NORWEA 2013). Ut frå den kostnaden har eg rekna fram til ein gjennomsnittleg driftskostnad på 350 kr/kW. Det er ved hjelp av ein gjennomsnittleg brukstid på 2350 timer for vindkrafta i Noreg som kjem frå perioden mellom 2006 og 2011 (NORWEA 2013).

Tabell 3.1 Investeringskostnadar for dei forskjellige løysingane.


	<i>Einingskostnad kr/kW</i>	<i>Totalsum</i>
<i>Sum investeringskostnadar 45 kW</i>	26 600	1 200 000
<i>Sum investeringskostnadar 15 kW</i>	18 000	805 000
<i>Sum investeringskostnadar 6 kW</i>	11 000	503 000
<i>Årleg driftskostnad 45 kW</i>	350	16 000
<i>Årleg driftskostnad 15 kW</i>	350	5 000
<i>Årleg driftskostnad 6 kW</i>	350	2 000

3.2.3. Produksjon


Produksjonen for 45 kW turbinen plassert i Rygge er henta frå masteroppgåva av Jon Olav Volden ved universitetet for miljø- og biovitenskap (Volden 2013). Han har kjørt simuleringar i programmet WindPRO for å bestemma produksjonen. For vindturbinane lokalisert i Oslo er produksjonen basert på vinddata i 2014 frå målestasjonen på Blindern i Oslo, og diagram over årleg energiproduksjon for dei representative turbinane. Vinndataa er av dagleg middelvind i år 2014, og vindhastighetar som er over 3,4 m/s blir plukka ut. Det er fordi vindturbinane har ein cut-in speed på 3,5 m/s. Deretter hentast gjennomsnittleg energiproduksjon per m/s frå diagram (Energy Works 2015; Kingspan Wind 2015a; Kingspan Wind 2015b). Dataa blir ganga saman og årleg produksjon blir bestemt.




Figur 3.6 Den månadlege produksjonen (kWh) for ein WindEN 45 kW vindturbin plassert i Rygge.



Figur 3.7 Den månadlege produksjonen (kWh) for ein WindEN 45 kW vindturbin plassert i Oslo (Blindern).



Figur 3.8 Den månadlege produksjonen (kWh) for ein Kingspan Wind KW15 vindturbin plassert i Oslo (Blindern).



Figur 3.9 Den månadlege produksjonen (kWh) for ein Kingspan Wind KW6 vindturbin plassert i Oslo (Bindern).

3.3. SOLCELLEANLEGG

3.3.1. Kort om teknologien

Solenergien blir omdanna til likestraum ved hjelp av solcellepaneler (Figur 3.10).



Figur 3.10 Solcelleanlegget på taket til Agder Energi sitt hovudkontor. Kjelde: (Enova 2013).

For at straumen skal kunna leverast på nettet så må den omformast til vekselstraum ved hjelp av ein vekselrettar også kalla inverter. For å redusera tapet i solcellesystemet og for å få ein god drift av inverteren blir fleire solcellemodular, som består av fleire celler, kobla i

serie slik at inverteren får ein høgare inngangsspenning. Ein serie av solcellemodular blir ofte kalla ein streng, og det kan gå fleire strengar inn til ein inverter.

For å få best produksjon ut av eit solcelleanlegg så blir det posisjonert mot sør i ein gjennomsnittleg 40 graders vinkel. Det er grunna solas posisjon i forhold til kvar i Noreg anlegget befinner seg. Optimal vinkel er 38 grader i Kristiansand og 47 grader i Tromsø, men fordi det er ein relativ låg produksjon på vinteren så kan det som oftast nyttast ein mindre vinkel utan noko særlig produksjonstap (Enova 2013).

30 kW PV-system er valt for ut ifrå effektbehov til bygget (Figur 4.7). 65 kW PV-systemet er valt for å sjå om eit større anlegg vil vera meir lønnsamt.

3.3.2. Kostnadars

Kostnadane for solcelleanlegga er rekna ut ifrå ein rapport av Enova i 2013 (Enova 2013).

Tabell 3.2 Investeringskostnadars og driftskostnadars for solcelleanlegga.

	<i>Einingskostnad kr/kW</i>	<i>Totalsum</i>
<i>Investeringskostnad 65 kW</i>	21 000	1 365 000
<i>Investeringskostnad 30 kW</i>	25 000	740 000
<i>Årleg driftskostnad 65 kW</i>	400	28 000
<i>Årleg driftskostnad 30 kW</i>	500	15 00

3.3.3. Produksjon

Produksjonen til solcelleanlegget er basert på rapporten «Kostnadsstudie, Solkraft i Norge 2013» til ENOVA. Der har dei brukt solinnstrålingsdata frå Norges miljø- og biovitenskaplige universitet (NMBU) for å bestemma produksjonen. Av datakjelder er Meteonorm 7.0 (programvare for værstatistikk) vanlegvis rekna for å vera den mest pålitelige då den kombinerer data frå målestasjonar og satellittar. Enova meiner NASAs satellitdata ikkje er presise nok då dei måler celler på rundt 110 km x 110 km. Dermed føler dei dataa frå NMBU som ligg 30 km frå Oslo er meir nøyaktig enn satellitdataa som er brukt i Meteonorm (Enova 2013).

Eit problem med informasjonen i rapporten til ENOVA er at den bare gir nok informasjon til å finna årleg produksjon, mens månadleg produksjon trengs for å finna lønnsemd. Derfor blir månadleg gjennomsnittleg solinnstrålingsenergi (kWh/m²) brukt ilag med årleg produksjon for å finna tilnærma månadleg produksjon.

- Utrekning brukt for å finna solutnyttelsesgrad for PV-systemet:

$$S_g = \frac{P_{\text{å}}}{S_{\text{å}} * A_{PV}}$$

S_g er solutnyttelsesgraden.

$P_{\text{å}}$ er årleg produksjon for PV-systemet.

$S_{\text{å}}$ er årleg gjennomsnittleg solinnstrålingsenergi.

A_{PV} er solcellearealet.

- Utrekning brukt for å finna månadleg produksjon:


$$P_m = S_m * A_{PV} * S_g$$

P_m er månadleg produksjon.


S_m er månadleg gjennomsnittleg solinnstrålingsenergi.

A_{PV} er solcellearealet.

S_g er solutnyttelsesgraden.



Figur 3.11 Den månadlege produksjonen for eit 65 kW solcelleanlegg.




Figur 3.12 Den månadlege produksjonen for eit 30 kW solcelleanlegg.


3.4. SOLFANGARAR

3.4.1. Kort om teknologien

Solfangarar bruker strålingsenergien frå sola til å varme opp eit varmemedium (Vatn, luft eller ein blanding av vatn og glykol) som vist i Figur 3.13. Deretter sirkulerast varmemediet og varmeverkslast mot vatnet i lagertanken, og vatnet i lagertanken varmeverksla mot eit varmesystem som skal føra varmen vidare rundt i bygget som vist i Figur 3.14.



Figur 3.13 Prinsippskissa av dei termiske forholda i ein solfangar. Kjelde: (Norges vassdrags- og energidirektorat 2008)



Figur 3.14 Prinsippskissa for solenergianlegg i ein bustad. Kjelde: (Norges vassdrags- og energidirektorat 2008)


3.4.2. Kostnadar

Tabell 3.3 Investeringskostnadar for dei forskjellige løysingane.


	<i>Einingskostnad kr/kW</i>	<i>Investeringskostnad</i>
<i>56 kW montert på vegg</i>	4 000	230 000
<i>50 kW montert på tak</i>	4 000	215 000
<i>15 kW montert på vegg</i>	4 000	57 00

3.4.3. Produksjon


Produksjonen til solfangarane kjem frå produsentens eiga energikalkulator (Catch Solar Energy AS 2015). Det er inkludert vasslagertank som gjer det mogleg å lagra varmen fram til vinteren, og dermed dekka varmebehovet over heila året.



Figur 3.15 Årleg produksjon for eit solvarmeanlegg på 56 kW effekt montert på sørvendt yttervegg. Kjelde: (Catch Solar Energy AS 2015).



Figur 3.16 Årleg produksjon for eit solvarmeanlegg på 50 kW effekt montert på tak i 25 grader vinkel. Kjelde: (Catch Solar Energy AS 2015).




Figur 3.17 Årleg produksjon for eit solvarmeanlegg på 15 kW effekt montert på sørvendt yttervegg. Kjelde: (Catch Solar Energy AS 2015).

3.5. SOLFANGARAR, BERGVARMEPUMPER OG ENERGIBRØNN

3.5.1. Kort om teknologien

Varmepumper som bruker energibrønn som energikjelde (Figur 3.18) vil, i forhold til luft/vatn varmepumper, ha ein høgare COP og energidekningsgrad. Medan luft/vatn varmepumpene i oppgåva har ein COP på 4,0 med 70 % energidekningsgrad, så vil ei bergvarmepumpe ha ein energidekningsgrad på 90 %. I tillegg vil ein energibrønn ha ein jamn temperatur gjennom heila året, og dermed vil den gjennomsnittlege COP-verdien vera høgare (Prestegård 2014; Stene 2011). For å til følgje forskjellane i energikjeldene så blir det antatt ein auke i COP-verdien på 20 % som fører til ein COP-verdi på 4,8.



Figur 3.18 Diagram over energibrønn og bergvarmepumpa. Kjelde: (Trøndelag brønnboring AS 2015).

Som nemnt er energibrønn gunstig for oppvarming av bygg då rundt 10 meter under bakken er temperaturen relativt konstant igjennom året (Novema Kulde AS ; Prestegård 2014). På vinteren vil temperaturen i brønnen vera høgare enn uteluft temperaturen, og på sommaren vil den vera lågare (Prestegård 2014). Effektuttaket til brønnen begynner ikkje før vasspegelen nås. Grunnen er at det trengs vatten for at varmevekslinga skal gi ein merkbar effekt. Luft har ein stor termisk motstand og vil gi ein ubetydelig varmeoverføring (Aqua boring 2015).

Solfangarane i scenarioet skal brukast for å dekka varmebehovet på sommaren for å testa om det har ein verknad på lønnsemda.

3.5.2. Kostnadar

For varmepumpene er det antatt at dei allereie er installert i bygget, og dermed er ikkje kostnadane for dei med i utrekningane.

For energibrønnen så er det rekna med eit effektuttak på 30 W/m (Aqua boring 2015; Novema Kulde AS), og med ein maks lasteffekt på 17 kW. Den installerte effekten vil dermed vera 17 kW, og det trengs ein 125 meter energibrønn for å dekka behovet. Det må også borast 20 meter ekstra for å nå vasspegelen, som gir ein total borelengde på 145 meter (Prestegård 2014).

For solfangarar så kjem kostnadane frå same kjelde som i kapittel 3.4.2 (Catch Solar Energy AS 2015).

Tabell 3.4 Investeringskostnad for Solfangarar og energibrønn.


	Einingskostnad kr/kW	Totalsum
<i>Investeringskostnad Energibrønn 17 kW</i>	4 000	41 000
<i>Investeringskostnad Solfangarar 10 kW</i>	2 000	38 00

3.5.3. Produksjon


Produksjonen for varmepumpene og energibrønn blir energibruksdifferansen mellom dei originale varmepumpene og bergvarmepumpene.

Då levetida for ei bergvarmepumpe er 5 år lenger enn for ei vanleg varmepumpe så vil det bli lagt inn 5 års produksjon for bergvarmepumpa der den originale varmepumpa ikkje produserer for å prøva å få fram fortanesta av å ha lenger levetid på bergvarmepumpa (Norges vassdrags- og energidirektorat 2015).

Produksjonen for solfangarane kjem frå same kjelde som i kapittel 3.4.3 (Catch Solar Energy AS 2015).



Figur 3.19 Differansen i energibruk mellom dei originale varmepumpene med levetid på 15 år og bergvarmepumpene med levetid på 20 år.



Figur 3.20 Den månadlege produksjonen for 10 kW solfangarar montert på tak

4. RESULTAT


4.1. ENERGIBEHOVSSIMULERINGAR

4.1.1. Oversikt

Her kjem resultat frå simuleringar gjort i SIMIEN som blir brukt vidare i lønnsemgsanalysane.

4.1.2. Årleg energibudsjett

Figur 4.1 blir brukt ilag med timedata frå simuleringane i SIMIEN for å rekna ut det månadlege el. spesifikt-, varme-, og kjølebehovet.




Figur 4.1 Figur frå SIMIEN som viser det årlege energibudsjettet


4.1.3. Månadleg energibehov

Figur 4.2 viser det månadlege el. spesifikt-, varme-, og kjølebehovet for bygget som er basert på data fra simuleringane i SIMIEN.

Figur 4.3 viser det månadlege el. spesifikt-, varme-, og kjølebehovet for bygget med varmepumper som dekker varme- og kjølebehovet.




Figur 4.2 Månadleg energibehov kalkulert fra simuleringa i SIMIEN.




Figur 4.3 Månadleg energibehov for bygget ved bruk av varmepumper med COP-verdi på 4,0.

4.1.4. Lastdiagram


I Figur 4.5, Figur 4.4, og Figur 4.6 vises effektbehovet i bygget for hhv. kjøling, oppvarming, og elektrisitet spesifikt. Effektbehova blir brukt for å bestemma installert effekt for dei forskjellige teknologiane. Det store fallet i Figur 4.6 kjem frå forskjellane av effektbehov i og utanfor driftstid.



Figur 4.4 Lastdiagram over årleg effektbehov for kjøling.



Figur 4.5 Lastdiagram over årleg effektbehov for oppvarming.




Figur 4.6 Lastdiagram over årleg elektrisitet spesifikt effektbehov.

4.1.5. Månadleg effektbehov


Figur 4.7 viser det månadlege effektbehovet for elektrisitet spesifikt, oppvarming, og kjøling.

I Figur 4.9 og Figur 4.8 vises det månadlege effektbehovet for oppvarming og kjøling ved bruk av varmepumper med COP-verdi på høvesvis 4,0 og 4,8.




Figur 4.7 Stolpediagram over månadleg effektbehov.

Månadleg effektbehov for oppvarming og kjøling ved COP 4,0



Figur 4.8 Månadleg effektbehov for oppvarming og kjøling med varmepumper med ein COP-verdi på 4,0.

Månadleg effektbehov for oppvarming og kjøling ved COP 4,8



Figur 4.9 Månadleg effektbehov for oppvarming og kjøling med varmepumper med ein COP-verdi på 4,8.

4.2. LØNNSEMDSANALYSAR

4.2.1. Oversikt

Her kjem resultat frå lønnsemdsutrekningar gjort i EXCEL.

Er det el-produserande teknologiar så reknast det med at straumen skal dekka det elektrisitet spesifikke behovet, og drifta av dei originale varmepumpene til kjøling og

oppvarming. Med dei originale varmepumpene så meinast det dei varmepumpene med ein COP-verdi på 4,0.

Straum som ikkje går til å dekka det månadlege energibehovet blir seld til straumleverandøren.

Er det varmeproduserande teknologiar så reknast det med at dei skal dekka varmebehovet til bygget før varmebehovet blir redusert av varmepumpene. Er det eit resterande varmebehov så reknast det med at varmepumpene skal dekka det.

4.2.2. Vindkraft

Tabell 4.1 viser kor mykje av energibehovet dei forskjellige alternativa dekker i prosent, og kor mykje straum som blir seld til straumleverandøren i MWh for dei forskjellige alternativa.

Tabell 4.2 viser netto noverdiutrekningar, internrenter og LCOE utrekningar for dei forskjellige alternativa. For alt. 2 til alt. 4 er kontantstraumen negativ. Det er grunna ei høgare årleg utgift enn inntekt. Internrenta kan ikkje bli rekna for dei alternativa med negativ årleg kontantstraum då internrenta viser ei investerings avkasting.

Tabell 4.1 Dekningsgrad av energibehovet og sal av straum for vindturbinane.

<i>Alternativ</i>	<i>Produksjon</i> (kWh/år)	<i>Dekning av energibehov</i> (%)	<i>Sal av straum</i> (MWh/år)
<i>45 kW i Rygge</i>	87 362	97,3	24,30
<i>45 kW i Oslo (Blindern)</i>	11 930	18,4	0,00
<i>15 kW i Oslo (Blindern)</i>	4 893	7,5	0,00
<i>6 kW i Oslo (Blindern)</i>	1 319	2,0	0,00

Tabell 4.2 Lønnsemdsanalyse av vindkraftløysingar med ei levetid på 20 år.

Alt. 1: 45 kW i Rygge		
<i>Kontantstraum</i>	Investeringskostnad	Årleg kontantstraum
	-1 196 375	47 459
<i>Netto noverdi</i>		-576 122
<i>Internrente</i>		-2,11 %
Alt. 2: 45 kW i Oslo (Blindern)		
<i>Kontantstraum</i>	Investeringskostnad	Årleg kontantstraum
	-1 196 375	-4 818
<i>Netto noverdi</i>		-1 196 589
<i>Internrente</i>		-
Alt. 3: 15 kW i Oslo (Blindern)		
<i>Kontantstraum</i>	Investeringskostnad	Årleg kontantstraum
	-805 125	-736
<i>Netto noverdi</i>		-775 517
<i>Internrente</i>		-
Alt. 4: 6 kW i Oslo (Blindern)		
<i>Kontantstraum</i>	Investeringskostnad	Årleg kontantstraum
	-503 375	-898
<i>Netto noverdi</i>		-490 066
<i>Internrente</i>		-
<i>LCOE (kr/kWh)</i>	Alt. 1	Alt. 2
	1,28	9,38
	Alt. 3	Alt. 4
	14,29	32,22

4.2.3. Solceller

Tabell 4.3 viser kor mykje av energibehovet alternativa dekker og kor mykje straum som blir seld til straumleverandøren for begge alternativ.

Tabell 4.4 viser netto noverdiutrekningar, internrenter og LCOE utrekningar for begge alternativ.

Tabell 4.3 Dekningsgrad av energibehovet og sal av straum for solcelleanlegga.

Alternativ	Produksjon (kWh/år)	Dekningsgrad av energibehov (%)	Sal av straum (MWh/år)
30 kW solcelleanlegg	26 250	40,5	0,00
65 kW solcelleanlegg	56 875	67,5	13,1

Tabell 4.4 Lønnsemdsanalysar av solcelleløysingar med ei levetid på 25 år.

Alt. 1: 30 kW solcelleanlegg		
Kontantstraum	Investeringskostnad	Årleg kontantstraum
	-741 000	5 887
Netto noverdi		-626 691
Internrente		-9,86 %
Alt. 2: 65 kW solcelleanlegg		
Kontantstraum	Investeringskostnad	Årleg kontantstraum
	-1 364 000	10 660
Netto noverdi		-1 155 959
Internrente		-9,95 %
Alt. 1		Alt. 2
LCOE	2,02	1,71

4.2.4. Solfangarar

Tabell 4.5 viser kor mykje av varmebehovet som blir dekkja og dekningsgraden i prosent for dei forskjellige alternativa.

Tabell 4.6 viser netto noverdiutrekningar, internrenter, og LCOE utrekningar for dei forskjellige alternativa.

Tabell 4.5 Dekningsgrad av varmebebehov for solfangarar.

<i>Alternativ</i>	<i>Produksjon (kWh/år)</i>	<i>Dekningsgrad varmebebehov (%)</i>
<i>56 kW montert på vegg</i>	16 570	100
<i>50 kW montert på tak</i>	16 498	100
<i>15 kW montert på vegg</i>	5 036	30,8

Tabell 4.6 Lønnsemdsanalyse av solvarmeløysingar med ei levetid på 25 år.

Alt. 1: 56 kW montert på vegg

	Investeringskostnad	Årleg kontantstraum
<i>Kontantstraum</i>	-231 425	3602
<i>Netto noverdi</i>	-177 233	
<i>Internrente</i>	-6,24 %	

Alt. 2: 50 kW montert på tak

	Investeringskostnad	Årleg kontantstraum
<i>Kontantstraum</i>	-215 280	3602
<i>Netto noverdi</i>	-162 158	
<i>Internrente</i>	-5,82 %	

Alt. 3: 15 kW montert på vegg

	Investeringskostnad	Årleg kontantstraum
<i>Kontantstraum</i>	-57 143	1108
<i>Netto noverdi</i>	-41 404	
<i>Internrente</i>	-4,94 %	
<i>LCOE</i>	Alt. 1	Alt. 2
	0,99	0,93
	Alt. 3	
	0,81	

4.2.5. Solfangarar, bergvarmepumper og energibrønn

Tabell 4.7 viser produksjonen til solfangarane, og kor mykje energibruken blir redusert for bergvarmepumper med og utan solfangarar.

Tabell 4.8 viser netto noverdiutrekningar, internrenter, og LCOE utrekningar for begge alternativ.

Tabell 4.7 Dekningsgrad av varme- og kjølebehovet for solfangarar, og bergvarmepumper og energibrønn.

<i>Alternativ</i>	<i>Produksjon / Redusert energibruk (kWh/år)</i>	<i>Dekningsgrad varme- og kjølebehov (%)</i>
<i>10 kW Solfangarar</i>	2 580	15,8 (Bare av varmebehovet)
<i>17 kW bergvarmepumper med solfangar</i>	27 670	79,2
<i>17 kW bergvarmepumper</i>	29 712	79,2

Tabell 4.8 Lønnsemdsanalysar av solfangar-, bergvarmepumpe og energibrønnløysingar med ei levetid på 20 år.

Alt. 1: 10 kW Solfangarar, bergvarmepumper og energibrønn

	Investeringskostnad	Årleg kontantstraum
<i>Kontantstraum</i>	-79 733	8 892
<i>Netto noverdi</i>	29 602	
<i>Internrente</i>	9,25 %	

Alt. 2: Bergvarmepumper og energibrønn

	Investeringskostnad	Årleg kontantstraum
<i>Kontantstraum</i>	-38 250	7 913
<i>Netto noverdi</i>	57 487	
<i>Internrente</i>	20,16 %	
	Alt. 1	Alt. 2
<i>LCOE</i>	0,52	0,34

5. DISKUSJON

5.1. INNLEIING

